



Opplæringsavdelinga  
v/Marianne Haaland  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Bømlo 22.05.2014

### **Søknad om midlar til Auka gjennomføring.**

Søkjer om midlar til auka gjennomføring skuleåret 2014/15 ved Bømlo vidaregåande skule. Dette skuleåret har me gjennomført eit prosjekt for å hindra fråfall på skulen vår. Me opplever at dette har vore vellukka og at berre to som har delteke i prosjektet har slutta, sjølv om fleire var sterkt i faresona i haust. (Prosjektrapport kjem innan 30.juni).

#### Målgruppe:

- Elevar som slit i alle klassar.
- Aktuelle elevgrupper: Skuletrøytte elevar, teoretisk svake elevar, minoritetsspråklege elevar, elevar med psykiske vanskar, elevar med stort fråvær, ustrukturerte elevar og elevar som gjer omval.

#### Mål for tiltaket:

- Auka fullføring.
- Tidleg samarbeid med OT, der OT er med å motivera for gjennomføring.
- Å oppleve meistring. Ein OASE der dei kan lukkast.
- Ta vare på heile mennesket.
- Raske tiltak etter kartleggingsprøvar i vg1.
- Studieverkstad med intensivkurs i ulike aktuelle fag og fagområder.
- Førebygga skuletrøttleik.
- Forstå systemet/samfunnet og hjelp til å finna sin plass der.
- Auka veiledning om karriere og framtid.

#### Kva?

Læringsverkstad med ulike tiltak for ulike behov hos einskildeleven med

- Basisopplæring i norsk og matematikk. Teori i praksis i verkstad.
- Praktisk arbeid i verkstad, på kjøkken, med kunst. Arbeid for kultur i samarbeid med Bømloteateret. Kombinert med motivasjonssamtalar. ( Time-out for skuletrøytte elevar i korte periodar for å få mot til å fullføra).
- Innskjerping av rutinar for fråvær.
- Samtalegrupper i samarbeid med skulehelsetenesta.
- Depresjonsmeistringskurs for ungdom v/rådgjevar.
- Fokus på system som tek sikte på snarlege tiltak internt og med eksterne aktørar.

- Kombinasjon skule/utplassering (arbeid).

Kostnad.

Me søker om midlar til 50% lærar-stilling, totalt 307.000 kr.

Sjå vedlegg om Bømlomodellen.

Håpar på positivt svar!

Mvh.

  
Inger Lise Kippersund  
Rektor

  
Gunhild Walde Mikkelsen  
rådgjevar